



Bente Nilsen på Spar laurdag morgon:- Diverre stengt på grunn av straumbrot! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Historia har ein lei tendens til å gjenta seg: Laurdag var det straumbrot i Uskedalen fordi ein høgspenisolator svikta i den gamle transformator kiosken av betong i Halsane.

Onsdag var det straumbrot i Uskedalen fordi ein annan høgspenisolator same staden svikta!

Men det var likevel ein stor forskjell på dei to straumbrota: Medan straumen var borte i nesten fem timar laurdag var den onsdag borte i 'berre' ein time og 25 minuttar (frå 13.50 til 15.15). Men i både tilfelle hadde brotet mellom anna den konsekvens at SPAR måtte stengja.

Under det førre straumbrotet leitte mannskapa til Kvinnherad Energi langs linjene etter feilen i lang tid før dei til slutt oppsøkte den fatale kiosken. Men kloke av skade starta dei feilsøkinga der først denne gongen! No er straumen kutta både inn og ut av kiosken så det kjem neppe noko straumbrot nummer tre der!



Bente Nilsen på Spar onsdag middag: - Diverre stengt på grunn av straumbrot! (Foto: Ola Matti Mathisen)